

Uskedeling med ny oppgåve

25.08.2013

Uskedelingen Tor Erik Eide, som bur på Stord, opplyser på Facebook at han i september får ei ny oppgåve som heiltids tillitsvald for BFO på Haakonssvern.

Han er no ute på sin siste offisielle tur etter nesten 17 års samanhengjande seiling på Nordkappklassen.

Tor Erik slår fast at det har vore ei flott tid med spanande, varierte arbeidsoppgåver og dyktige og profesjonelle vener og arbeidskolleger. No er tida inne for å sleppa yngre krefter til.

I september begynner han på eit nytt og interessant kapitel. Tor Erik takkar for ei flott tid i Kystvakten og ynskjer lykke til vidare for våre kvinner og menn som står på for folk og fedreland.

Av Ola Matti Mathisen